

Studietur på Celina til Belgia 14.-16.august 2016



Sognefrukt sitt Norsk Forskingsråd prosjekt i samarbeid med NLR sitt Innovasjon Norge prosjekt arrangerer inspirasjonstur til Belgia på Celina med arrangørhjelp frå Aad Wisse. Me har også fått litt prosjektmidlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til å delfinansiera turen, så nytt høvet til å bli med! Ivar Slinde, Solveig Nygard og Marianne Bøthun var på besøk i same området i fjor og det var mykje interessant og lærerikt å sjå.

Program for turen:

Sundag: reisedag frå Sogn til Belgia/Brussel og til hotellet der me skal bu

Måndag:

- Morgonbesøk Carolus planteskule. Han har produsert Celina tre sidan sorten kom.
- Kl13.00/13.30 - 15.30 Kris Wouters company. Han er ein av lisenseigarane til Celina.
- På ettermiddagen: hagebesøk hjå nokre Celina dyrkarar i området.

Tysdag:

- Morgon besøk ikkje bestemt enno.
- 10.00 - 12.00 besøk på PCF Velm forskingsstasjon for å sjå på dei elste Celina trea i Belgia og ein 3års planting.

Deretter heimreis via Brussel-Oslo

Planen er enten felles buss t/r Sogn-Gardermoen eller samkøyring i privatbilar.

Deretter flyr me frå Oslo søndag ettermiddag til Belgia/Brussel og reiser vidare (med buss/tog/taxi) til byen Sint-Truiden der me skal bu på hotell.

Aad Wisse har laga eit opplegg for oss, slik at me skal få sjå og oppleva mest mogleg kring Celina på tida me har til råvelde.

Ved lunsjtid på tysdag, reiser me tilbake til flyplassen i Brussel og flyr heim til Oslo, før felles transport tilbake til Sogn.

Fly kjem på ca kr 2-3000 t/r Oslo – Brussel og hotell/opphald ca tilsvarande. I tillegg kjem noko ekstra transportkostnader t/r Sogn-Oslo og kringom i Belgia. Turen vil truleg kosta ca kr 5000 per pers.

Grunna kort tid til avreise og for å oppnå så gode prisar for flyreis, så må ha **bindande påmelding frå dykk innan lunsjtid på tysdag 12.juli**. Påmelding til Sognefrukt på tlf 57653477 eller på mail post@sognefrukt.no

Oppgi mobilnr. og epost ved påmelding og om de skal ha enkelt- eller dobbeltrom ved påmelding av fleire i familien.



Hagebesøk i Belgia med Aad Wisse i august 2015.